

VENSTRE SEIER JA TIL VINDMØLLER..... - MEN IKKJE PÅ HØG-JÆREN !



Ei konsekvensutgreiing for ein større vindkraftpark på Høg-Jæren er nå til behandling i Time kommune, Klepp kommune og i Fylkeskommunen. Prosjektet går ut på å byggja mellom 23 og 40 vindmøller med ei maks høgde på opptil 150 meter i eit område på grensa mellom Time og Hå. Venstre seier JA til vindmøller! Det er miljøvennlig og fornybar energi som vi abslutt ynskjer skal bli produsert i Rogaland! Men vi seier NEI til det prosjektet som ligg på bordet nå fordi :

- **Dei landskapsmessige virkningane av dette prosjektet er altfor store!**
Området er ein av dei siste restene av "det brune Jæren" og har ein viktig funksjon som restareal.
- **Vindkraftparken vil vera svært synlig i store deler av Rogaland!**
- **Vindkraftparken vil bli "eit påtrengjande nytt element" i utsikten frå Arne Garborgs "Knudhaheio" og Synesvarden landskapsvernområde!**
- **I det aktuelle området er det også ein fugleart som står på den norske rødlista og har status som "direkte trua"!**
- **I fylket sin "Egnethetsanalyse for vindkraft" frå 2000 er det påvist alternative områder der det er langt mindre konflikter enn her!**

Venstre vil gjerne ha vindkraft i Rogaland. Vi var ein av pådrivarane for at det alt i år 2000 vart laga ein plan som viser kor det er gode områder for å byggja slike anlegg. Windstyrken er sjølv sagt viktig, men det er også viktig at anlegget er tilpassa landskapet, at det ikkje skaper støyproblemer eller andre problemer og at det heller ikkje skaper visuell forureining. Det prosjektet som nå ligg føre er ikkje godt nok og difor seier Venstre NEI!

Venstre – partiet som tenker litt lenger !